

Randi Mackay frå Uskedalen var gudmor då reiarlaget Westfal Larsen, Bergen, døypte kjemikalietankaren Finnanger på 46.500 tonn i Dubai for nokre dagar sidan, Ho bur der saman med mannen sin, Stewart, som er ansatt i reiarlaget.

Randi hadde naturleg nok Kvinnherad-bunaden på under seremonien, men det var ei varm oppleving ettersom temperaturen låg rundt 30 grader. Ho var treffsikker - champagneflaska gjekk i knas under første freistnaden, fortel Stewart til uskedalen.no. Han har sendt oss bileta.

Seremonien gjekk føre seg i strålende ver og med 80 gjester frå Dubai, Noreg, Korea og Singapore. Mellom gjestene var også den norske ambassadøren til Dei Sameinte Arabiske Emirata, Åse Elin Bjerke, og også skipseigar Rolf Westfal Larsen og kona Guri.

Etter sjølve seremonien var det middag og underhaldning på eitt av femstjernehotella.

Båten er bygt i Ulsan i Sør-Korea av Hyundai Mipo Dockyard, og vert registrert i Norge og Bergen.

Av Ola Matti Mathisen